Krav og anbefalingar til skular

Nedanfor finn du Miljøretta Helsevern Indre Sogn sine generelle anbefalingar og krav til nye skular, skular som skal renoverast, byggast om eller byggast på.

Alle skular og barnehagar må vere godkjende etter Forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordninger - Lovdata.

Forskrifta inneheld både bygningstekniske og driftsmessige krav. Du kan finne mykje nyttig informasjon i rettleiinga til forskrifta: Rettleiar for forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordninger.

Forskrifta set funksjonskrav til både uteareal og inneareal. Den omhandlar blant anna støy, luftforureining, tryggleik, inneklima og reinhald. God planlegging er nødvendig for å sikre eit godt miljø i den ferdige barnehagen.

Forskrifta er på enkelte områder ganske generell. Me har skrive ned nokre krav og anbefalingar, og prøvd å gjere det tydelegare kva som er akseptabel praksis. Nokre stader har me skrive «skal/må», medan det i andre setningar står «bør». «Skal/må» er i utgangspunktet krav. «Bør» er ikkje krav, men anbefalingar. Når det står «bør», kan skulen løyse forholda på andre måtar, så lenge løysinga fungerer.

Nokre skular avvik frå krava, men då skal dei som hovudregel kompensere for det, slik at elevane si helse, tryggleik og miljø blir like godt ivareteke som i andre skular.

Oversikta er ikkje uttømmande, og det kan komme nye retningslinjer, ny kunnskap over tid. Me vil og nytte skjønn i særskilte tilfelle.

Byggeprosessen:

- Bygg og uteområde skal oppførast i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK). TEK ivareteke mange av forskriftas krav til blant annet tryggleik, universell utforming, ventilasjon, dagslys og utsyn.
- Dersom skulen er i drift i nærleiken av bygg- og anleggsarbeid skal det takast særleg omsyn til tryggleik, støy, luftforureining og trafikktryggleik for elevane.
- Før helseverngodkjenning kan gis, må det dokumenterast at overflatejorda i skulen er fri for miljøgifter. Sjå rettleiar TA-2261/2007 frå Miljødirektoratet. Dersom det blir kjøpt inn jord, anbefaler me at de krev dokumentasjon frå leverandøren på at den nye jorda er fri for miljøgifter.
- Skulen bør stå ferdig reingjort til utlufting minimum 2 veker før den blir tatt i bruk. I denne perioden bør temperaturen vere høg og ventilasjonen gå for fullt.

Utandørs:

- Utearealet skal dekka elevane sitt behov for variert fysisk aktivitet, leik og rekreasjon. Uteområdet skal fremme aktivitet for begge kjønn og ulike aldersgruppe. Funksjonshemma sitt behov skal vere ivaretatt. Sikkerheitsrisikoar må vere vurderte og tilstrekkeleg sikra.
- Storleiken på arealet bør følgje gjeldande anbefaling i rettleiinga til forskrifta, som er 50 m2 per elev. Dette gjeld inntil Helsedirektoratet har vurdert arealnormene på nytt på bakgrunn av nytt kunnskapsgrunnlag i NMBUs rapport Uteområder i barnehager og skoler.
- Uteområdet bør ha områder med sol og områder med skygge, samt tilgang til overbygg.
- Leikeplassutstyret skal alltid vere i samsvar med forskrift om sikkerhet ved lekeplassutstyr. Norsk standard 1176 og 1177 er retningsgivande for tryggleik på leikeplassen. Leikeplassutstyret skal kontrollerast jamleg, og kontrollane må dokumenterast. Krava gjeld også leikeplassutstyr som skulen set opp sjølv, som til dømes tauverk eller plankar til balansering. Dette gjeld også leikeplassutstyr på turområde.
- Støy på uteområdet frå f.eks. ventilasjonssystem, varmepumper, vegtrafikk og flytrafikk skal overhalde støykrav angitt i Norsk Standard 8175 og retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442).
- Uteområdet skal kontrollerast for giftige planter og sopp, desse må fjernast så langt det let seg gjere.

- Det skal vere trafikksikker adkomst for elevar som blir levert til fots, med sykkel og med bil. Parkeringsplass, adkomstareal og inngangsparti skal være godt opplyst.

Inngangsparti:

- Alle inngangspartia skal utformast på en slik måte at støv, skitt, søle, vann og snø ikkje blir dratt inn på skulen. Det bør vere ei rist utanfor inngangsdøra.
- Det skal vere fast dekke rundt inngangspartiet.
- Inngangsparti skal vere overbygd.
- Det skal vere absorberande matter innanfor inngangsdørene.

Garderobar:

- Det skal være lett tilgjengelege innandørs handvaskar ved inngangspartia.
- Det bør vere garderobeplassar eller garderobeskåp til at alle elevane, også ungdomsskule- og vidaregåandeelevar, kan henge i frå seg yttertøy. Elevar skal ikkje ha med yttertøy inn i klasserom.
- Dei yngste elevane (1-4.trinn) treng meir plass til yttertøy enn dei eldre elevane. Dei skal ha plass til å oppbevare yttertøy, samt byttetøy. Det bør vere minimum 30 cm veggplass pr elev.
- Garderobane bør skilje mellom rein og urein sone, spesielt på småtrinnet.
- Garderobeinnredninga skal lette reinhaldet. På småtrinnet bør støvlar og sko få plass i garderobeinnreiinga, og det bør vere lett å reingjere under garderobeinnreiinga.
- Det skal være avtrekk i garderoben for ikkje å forringe inneklimaet i tilstøytane rom.

Innandørs:

- Skulen skal vere tilpassa funksjonshemma sine behov. Flest mogleg skal kunne bruke lokala på ein likestilt måte. Byggteknisk forskrift kapittel 12 gir veiledning om universell utforming.
- Det skal ikkje vere for mykje støy inne, til dømes frå ventilasjonsanlegg eller trafikk. Det skal heller ikkje vere for lang etterklangstid. Lydnivået skal overhalde krava i Norsk Standard 8175.
- Bygningsdelar, installasjonar og innreiing skal ikkje fungere som støvsamlarar. Ventilasjonskanalar i himling bør være innebygde.

- Skulen skal utformast og møblerast slik at det er enkelt å holde reint. Overflater og møblar bør være enkle å reingjere. Det må ikkje være for mange krinkelkrokar, og møblar må plasserast slik at det er lett å reingjere golvet.
- Det bør veljast materialar og overflatebehandlingar som ikkje avgir skadelege partiklar eller avgassar.
- Det skal målast radon i barnas oppholdsareal, slik det er beskrevet i retningslinjer fra Direktoratet for strålevern og atomsikkerhet.
- Alle opphaldsrom skal ha vindauge som kan opnast.
- Panelomnar skal ha maks overflatetemperatur på 60 grader.
- Dersom skulen har dusj, skal skulen førebyggje vekst av legionellabakteriar i vassforsyningsanlegget.
- Det skal monterast tilfredsstillande solskjerming på vindauge der kor solinnstråling og oppvarming kan bli eit problem.
- Alle hyller og skap som kan utgjere ein veltefare, skal vere festa til veggen. Høge hyller på hjul som blir nytta som romdelarar, utgjer òg ein veltefare og skal vere forsvarleg festa.
- Førstehjelpsutstyr skal vere lett tilgjengeleg.
- Spesialrom må ha tryggleiks- og førstehjelpsutstyr. Det skal vere nøddusj på kjemi- og naturfagrom der det er fare for forbrenning eller etseskader. Kjemikaliar må kunne låsast inn og helst ha eige avtrekk ut.
- På rom der det brukast maskinelt utstyr i undervisninga, må det finnast naudsynt verneutstyr, støvavsug, naudstopp og moglegheit for «stenging» når maskinene ikkje er i bruk.

Elevane sine undervisningsareal:

- Veiledande arealnorm for klasserom/base er minimum 2,5 kvm per elev i klasserom som ikkje har tilleggsareal (for eks. grupperom) i nærleiken.
- Minimumsnorma er 2 kvm per elev i klasserom som har tilleggsareal i nærleiken.
- Det bør vere eit grupperom pr klasserom.
- Areal for tilsette kjem i tillegg (5 kvm pr rom).
- Auditorium og reine formidslingsrom kan ha høgare elevtettheit.
- Pultar og stolar bør stå 80 cm frå vindauge, ventilasjonsopningar og varmekilder.

- Det skal vere tilfredsstillande belysning (norm 300 lux på pulten).
- Grupperom og klasserom skal ha tilfredsstillande dagslys og utsyn.
- Dersom det av openbart grunnar ikkje er ønskjeleg eller nødvendig, kan delar av lokala vere skjerma for dagslys.

Sanitæranlegg:

- Sanitæranlegg skal ha overflater og utforming som gjer det lett å reinhalda.
- Tal toalett skal vere tilpassa skulen sitt behov. Det bør vere minst eitt toalett per 20 elevar. Tal toalett tilpassa rullestolbrukarar avheng av skulen sin storleik, utforming og krav til universell utforming, men det skal vere minimum eitt.
- Skulen bør ha minimum eit stellerom berekna på funksjonshemma elevar, evt. må det vere plass til at hev-senk-stellebord kan installerast ved behov. For å ivareta smittevern bør stellebenken ha handvask med berøringsfritt armatur i umiddelbar nærleik.
- På barneskule bør minimum eitt toalett for elevar vere tilgjengeleg frå uteområdet eller i grovgarderobe/inngangsparti. Det bør ikkje vere for langt frå klasserom til toalett, særleg på småtrinnet.
- Dersom det er fleire toalett i eitt sanitæranlegg bør dei ha veggar frå golv til tak. Opning ved golv eller tak kan føra til krenkelsar.
- Det bør vere minimum 3 handvaskar per 3 toalett. Dersom det er fleire enn 3 toalett kan det vere 2 handvaskar per 3 toalett.
- For å førebygge smitte bør det vere tilstrekkeleg handvaskar i nærleiken av der elevane et, slik at elevane raskt får vaska hendene.
- Alle handvaskar skal ha varmt vatn, tørkepapir og flytande handsåpe i umiddelbar nærleik.
- Det skal veljast utstyr og innreiing med glatte overflater som er enkle å reingjere. Utforming av dusj- og toalettanlegg må førebygge krenkande åtferd.
- Elevane skal ha enkel tilgang på drikkevatn. Det skal ikkje hentast vatn frå handvask på toalett.

Kjøkken:

- Alle overflater på kjøkkenet skal ha materiale som er lette å reingjere.
- Skular som serverer mat, for eks. SFO, har meldeplikt til Mattilsynet.

Ventilasjon og inneklima:

- Skulen skal ha frisk luft og eit tilfredsstillande luftskifte, det vil seie at CO2-innhaldet i lokala skal haldast under Folkehelseinstituttets si norm på 1000 ppm.
- Det bør være omrøringssystem framfor fortrengningssystem, for å unngå kald trekk i lokala. Dersom det er fortreningsventilasjon må skulen sørge for at elevar ikkje sit for nærma, og at det ikkje er utstyr eller møblar framfor ventilane.
- Rom som kan være belasta med fukt/lukt som garderobe, kjøkken, stellerom, toalett, skal ha tilfredsstillande avtrekk.
- Det må være avtrekksventilator over alle koketopper. Kullfilter aksepterast ikkje av hensyn til støy, effekt og spredning av allergener.
- Avtrekk frå eventuelle tørkeskap/tørkerom skal ledast direkte til friluft.
- Temperaturen skal vere mellom 19 og 26 grader, fortrinnsvis under 22 grader i fyringssesongen.

Vedlikehaldsplan:

- Skulen skal ha ein vedlikehaldsplan, kor det står kven som har ansvar for ulike typar vedlikehald.
- Vedlikehaldsplanen skal sikre at alle deler av bygning og uteområde blir vedlikehaldne eller skifta ut til rett tid, slik at skulen til ei kvar tid held ein standard som ivareteke forskrifta sine krav.